

Referat

Møtetittel: Møte i Lokalt samarbeidsorgan for forskning, innovasjon og utdanning i Møre og Romsdal

Møtenummer: 1/2020

Møteleiar: Fagdirektør HMR, Torstein Hole

Dato: 22.04.2020

Tidspunkt: 12:00 – 15:00 (avsluttet 14:30)

Sted: Skype

Sekretariat: Fagavdelinga v/FIUK-seksjonen Therese M. Istad/Tone S. Fuglset/ Marit Kjersem

Til:

Navn	Tittel	Status	Møtt
Torstein Hole	Fagdirektør, Helse Møre og Romsdal HF	Leder	X
Ketil Hjelset	HR-direktør, Helse Møre og Romsdal HF	Medlem	X
Berit Kvalsvik Teige	Forskningsjef, Helse Møre og Romsdal HF	Medlem	X
Toril Forbord	Prodekan for utdanning, Fakultet for medisin og helsevitenskap, NTNU	Medlem	X
Svanhild Schönberg	Instituttleder, Institutt for helsevitenskap Ålesund, NTNU	Medlem	X
Randi Bergem	Dekan, Avdeling for samfunnsfag og historie, Høgskulen i Volda	Medlem	X
Heidi Haavardsen	Dekan, Avdeling for helse- og sosialfag, Høgskolen i Molde	Medlem	X
Paula Næss Skår	Leder, Brukerutvalget Helse Møre og Romsdal HF	Medlem	X
Anna-Marie Hatlestad	FoU-rådgiver, Regional- og næringsavdelinga, Møre og Romsdal Fylkeskommune	Observatør	
Arthur Almestad	Regionansvarlig Møre og Romsdal, Norges Forskningsråd	Observatør	X
Åse Elin Hole	Rådmann, Stranda kommune, KS	Observatør	X
Linn Helen Falk	Rådgjevar, Fylkesutdanningsavd., Møre og Romsdal Fylkeskommune	Vara for Hatlestad	X
Rigmor Einang Alnes	Nestleder utdanning, Institutt for helsevitenskap Ålesund, NTNU	Gjest	X

Saksnr.	Emne	Vedlegg
SO 2020/1	Godkjenning av innkalling og sakliste v. Torstein Hole (TH) – Vedtak	
Vedtak: Innkalling og sakliste godkjend utan merknadar		
SO 2020/2	Kort presentasjon av medlemmane og observatørane i lokalt SO - Orientering	
5-7 minutter per institusjon, fokus på: <ul style="list-style-type: none"> • Forventningar til samarbeidet i lokalt SO • Prioriterte saker dei ønskjer å ta opp i lokalt SO (kva type saker er viktige)? HiM v. Heidi: Vi må ha ambisjon om betre samarbeid på fleire områder; samarbeid om forskning og innovasjon må løftast. Dette skal kome helsetenesten til gode. Ønsker transparente prosessar, at bidrag frå kvar enkelt vert sett og anerkjent, vil ha ein god delingskultur. Viktig at samarbeidsorganet må ha bred og god kompetanse innafor alle dei områda vi skal dekke – kunne vi trenge meir kompetanse på forskning? Litt tung på utdanning per nå. Ønskjer vidare arbeid med kombinerte stillingar. Løfte strategiske diskusjonar. FIUK-planen kan vere eit reiskap vi kan bruke –der ligg det nasjonale og regionale føringar. Vi må bestemme oss for korleis vi vil arbeide konkret.		

Referat

NTNU v. Svanhild:

Våre forventningar til organet står nedfelt i mandatet. Det er bra samarbeid med tanke på utdanning, men forskning kan vi bli betre på.

Opptatt av å kome i gang med konkrete oppdrag, støtter forslag om å setje ned arbeidsgrupper ved behov, oppdraga må planleggast med mål, tidslinje og tidsfristar – vi ønskjer resultater og gjerne raskt. Vi må velje oss område som vi vil fokusere på.

Nemner som eksempel på konkrete oppdrag: Ei av dei større konkrete oppgåvene NTNU har jobba med i seinare tid er å få på plass ein Master i helseleining, fellesgrad mellom NTNU, HiM og HVO. Denne startar opp hausten 2020.

HVO v. Randi:

Det som er skildra under oppgåver i mandatet er det som vi har tenkt at vi skal fokusere på. Er også opptatt av kva for oppgåver eller område vi kan ta tak i innan dei overordna strategiane og jobbe vidare med. Påpeikar at det er mykje kompletterande kompetanse i føretaket og i UH-sektoren, gjennom samarbeidsorganet kan vi utnytte dette til å finne gode samarbeidspartnarar.

Fylkeskommunen v. Linn Helen

Våre forventningar: vi skal bidra til betre samarbeid, samordne og utvikle verkemiddel. Vi vil ta tak i problemstillingar som dukkar opp i samarbeidsorganet.

FK er også ein utdanningsaktør – fagarbeidarar. Stort ønskje om å få inn lærlingar på sjukehuset på fleire område, det kan også vere ein god måte for sjukehuset å rekruttere på.

Viktig at innholdet i utdanninga skal møte behova i helsetenesten.

Samarbeidsorganet må fungere som ein god møteplass. Må ha ei møteform som legg til rette for å ta tak i problemstillingane. Samarbeid med Innovasjon Norge og NFR.

NFR v. Arthur

NFR er ein organisasjon som støtter alt frå grunnleggande forskning til anvendt forskning og inovasjonsprosjekt.

Viktig oppgave for NFR å ta fatt i dei konkrete initiativa som dukker opp i organet.

Skal vere lyttepost ved konkrete initiativ med denne grupperinga her + andre eksterne partar

KS v. Åse Elin

Observatør i organet, men vil likevel gjerne påvirke.

KS ønskjer å vere ein meir likeverdig part opp mot føretak og UH-sektoren.

Vi tar i mot lærlingar og er ein stor praksisarena, tar i mot ulike kandidatar.

Utdanning må stemme med den praktiske virkeligheta.

HMR sitt brukarutval v. Paula:

Viktig for brukarutvalget at brukerkompetansen skal kome inn på lik linje med anna kompetanse. Set pris på at SO kjem i gong.

HMR v. Berit: (powerpointpresentasjon leggast ved referatet)

Presenterer kort korleis Fagavdelinga er organisert, og kva for klinikkar HMR har etter nyleg omorganisering. Kort skildring av FIUK-planen – HMR sin overordna strategi- og handlingsplan. Føretaket er involvert i utdanning på så og seie alle nivå. Det er også sett ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på framtidig organisering av utdanning og kompetanse i HMR (ferdigstillast 1.juni 2020). Aukande tal på prosjekt, publikasjonar og doktorgrader. Klinisk forskingspost har ei viktig rolle i å drifte og utvikle klinisk forskning i føretaket.

Vedtak:

LSO tar orienteringa til vitande. LSO er samde om at arbeidet vidare skal resultere i heilt konkrete samarbeidsprosjekt og aktivitetar.

Referat

SO 2020/3	Mandat for lokalt SO v. TH - Vedtak	Vedl. 1
	<p>Torstein går gjennom mandatet, det har vært ute på høyring. Opnar for diskusjon.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kommentar til avsnitt to under «Oppgåver» i mandatet – ønskjer at avsnittet blir meir konkret, kva henviser «disse» til – setninga er uklår. • Usikkert om møtefrekvens er hyppig nok for å møte det høge ambisjonsnivået for LSO. • AU skal arbeide med ikkje-strategiske sakar mellom møta ved behov, det vil bli vurdert om AU bør ha eit eige mandat. • Arbeidsgrupper: ønskjer å ha eit eige punkt i mandatet om at lokalt SO har mynde til å opprette arbeidsgrupper der det er behov for det. • Kommentar frå brukertvalet på at mandatet er veldig overordna og lite konkret, det er meir av strategisk art. Vil arbeidsgruppene arbeide meir spesifikt med tanke på tema? Eit eksempel kan vere forskningsamarbeid i forbindelse med Helseplattformen. • Einighet om at punkt om brukerrepresentasjon skal leggest til i mandatet. <p>SO går gjennom spørsmål i sak fire som er relevante for mandatet før vi gjer vedtak i denne saka.</p> <p>Vedtak: SO vedtek mandatet med de endringer som fremkom i møtet.</p>	
SO 2020/4	Konstituering av lokalt SO v. TH - Diskusjon	
	<ul style="list-style-type: none"> • Leiarrolle – skal den gå på omgang? <i>Ja, samd om det: 2 år UH-sektor/ 2 år HMR</i> • Personleg vara – ønskjeleg? <i>Ja, samd om det. Stort omfang av oppgåver for fleire medlemmer, eigen vara er heilt nødvendig.</i> • Møtefrekvens – kor mange møte? <i>To møter i året bør vere minimum. For å oppnå dei ambisiøse måla vi har for LSO bør det vurderast om det skal vere fleire møter.</i> • Sekretariatsrolle Alternativ ein: Sekretariat bør følgje leiar Alternativ to: «kjernesekretariat» (ein person frå UH-sektor og ein frå HMR) <i>Heidi – kjem an på kva for saker som skal behandlast, handlar om korleis ein får dynamikken på plass – ønskjer fortrinnsvis kjernesekretariat.</i> <i>Randi – har forståelse for begge alternativ, men meiner at det er mest praktisk at sekretariatet følgjer leiar.</i> <ul style="list-style-type: none"> ○ <i>Foreløpig går LSO for alternativ ein: at sekretariatet følgjer leiar, men dette skal vurderast fortløpande.</i> <p>Vedtak: LSO gjekk gjennom aktuelle punkt og tok diskusjonen tilbake til sak nr. 3: godkjenning av mandat.</p>	
SO 2020/5	Møteplan lokalt SO v. TH - Diskusjon	
	<p>Bør henge saman med regional møteplan for SO, SUFI og SUU. Ønskjeleg med lokale møter i forkant eller etterkant av dei regionale?</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kort diskusjon om møtetidspunkt. <p>Vedtak: Sekretariatet finn ein møtedato ultimo september / primo oktober og sender ut forslag om dette.</p>	<p>Vedl. 2 Oversikt regionale møter og regionalt årshjul</p>

Referat

SO 2020/6	Orienteringssaker (maks 5 min kvar sak)	
	<p>1. Orientering frå møte regionalt SO v. TH Felles lønspolitikk for stipendiater forslag frå HMR, HNT, St. Olavs – dette forslaget blei lagt på is og sendt i retur – kan ta tid før det blir tatt opp igjen.</p> <p>2. Orientering frå møte regionalt SUFI av 15. april 2020 v/BKTeige -Utlysninga av årets forskningsmidlar hovudsak, utlysinga kjem veke 17. -Det vil bli lagt stor vekt på at det i søknadar kor UH- og helsesektor samarbeidar er godt forankra i foretaket. -Det vart også vedtatt at 3 mill skal brukast til Covid19 prosjekter -Utlysning av CAG – clinical academic group, utlysing kjem 1. mai. Her er det krav om at alle samarbeidande institusjonar deltek i utforminga av søknader.</p> <p>3. Orientering frå regionalt SUU v/ Toril Forbød SUU hadde førre møte i januar, skal ha nytt møte 7. mai, da får de oversikt over kva som er gjort, korleis samarbeidet har gått. Fokus på korleis vi skal legge opp til hausten. Årets søkertall er kome og det er ein markant oppgang i søkertall til helsefagleg utdanning. Har hatt utlysning på praksismidlar, tildelinga er gjort. Blir spanande å følge prosjekta, mogleg det blir nokre forsinkingar pga korona.</p> <p>4. Orientering frå regionalt infrastrukturutval av 20. april 2020 v/BKTeige Eit utval i regi av Helse Midt-Norge som ser på bruk og tildeling av midlar til felles struktur (infrastruktur som lab, simulering osv). Berit representerer Helse Midt-Norge og Dag Arne Hoff representerer HMR. Simuleringa i Helse Midt skal kartleggast. Skal sjå på felles bruk av simulering i Helse Midt og kan eventuelt nyttast av ansatte i KS. Det skal settast ned ei eiga arbeidsgruppe for å gjere dette arbeidet, men foreløpig er det Jon Magnussen, MH-fakultetet, NTNU og Berit som tek hand om det.</p> <p>5. Orientering frå NTNU Semesteret har blitt annerledes pga korona, undervisning er lagt om til digitalt. Utfordring ved å ivareta studentar i praksis. Mykje lærdom av denne situasjonen.</p> <p>6. Orientering frå HiMolde Stor omstilling av avdelingens kjerneaktivitet til digital «verden», digital disputas står for tur. Utfordringar med å få studentane ut i praksis i HF-et pga korona, det blir eit reparasjonsarbeid når koronasituasjonen normaliseres, spesielt utsatt er 2. året på sjukepleie. Arbeider med handlingsplan for forskning og utdanning. Rigger nytt simuleringsutstyr på Storhaugen helsehus i Kristiansund, til bruk for studentane på studiestad Kristiansund. Føretaket og kommunane kan også få benytte utstyret til øving etter nærare avtale og reglar for slik aktivitet, med høgskolen.</p> <p>7. Orientering frå HiVolda Lik situasjon som NTNU og Molde når det gjeld undervisning og stengt campus. Lokale søkertall – veldig god søknad på masterstudiane. Ser for meg at vi saman med KS og andre i dette organet kan tenke på om det er prosjekt</p>	

Referat

<p>som kan koblast med masterstudentar.</p> <p>Idemottak for masterstudenter – kunne vere ein ide å sette opp dette? «Prosjektbok»/oversikt over prosjekt kor masterstudenter kan melde seg – Toril F: det finns tilsvarande i Trondheim, Rigmor Alnes – finns også i Ålesund i samarbeid med utviklingscenter for sjukeheimar og heimetenester</p> <p>HVO er med i smart city – nokre av erfaringane derfrå kunne vere interessante å ta med seg inn i forskingsprosjekt</p> <p>8. Orientering frå HMR Fokus på utdanningsfeltet og korleis ressurssette det i HMR. Elles er det satt ned ei eiga gruppe for kvalitetssikring av forskings- og kvalitetsprosjekter (DAC-gruppen). Berit orienterer om sak som var ønska inn i det regionale SUFI av Stål Bjørkly, HiM (notat vert lagt ved referatet) angående oppbygging av stabile forskingsressursar i Helse-Midt. HMR vil orientere meir om dagens situasjon under sak nr. 8.</p> <p>9. Orientering brukarutvalet Jobbar med handlingsplan som skal styrehandsamast i mai, kva vi vil sette fokus på. Opptatt av at det kjem i gong innkallingar til alt som er avlyst, av konsultasjonar, operasjonar osv – kva verknad dette har hatt på pasientar som har måtta vente osv.</p> <p>Vedtak: SO tek orienteringa til vitande + SO er samd om å utarbeide ein felles prosjektkatalog – felles for UH og HMR – som masterstudentar kan nytte seg av.</p>	
<p>SO 2020/7 Ulike modeller for veiledning i praksis v. Rigmor E. Alnes, nestleder utdanning, NTNU - Orientering</p>	
<p>«SVIP-modell – styrket veiledning i praksis» (presentasjon leggst ved referatet)</p> <p>Alnes presenterer bakgrunn og SVIP-modellen – ønsker tydelegare og betre samarbeid i det daglege arbeidet mellom utdanningsinstitusjonar og praksisinstitusjonar. SVIP-modellen inneber ein felles møteplass for rettleiarar og lærarar. Sjå elles vedlagt presentasjon.</p> <p>Eige emne: «Praksisveilederutdanning i helse- og sosialfag – del 1», 5 stp. Oppstart haust 2020. - Spørsmål om dette emnet kan åpnast også for rettleiarar i LIS-legeutdanning. Det eksisterer allereie eit nasjonalt kurs for rettleiarar som skal utdanne LIS-legar. Dette emnet må i så fall kun være supplerande.</p> <p>Vedtak: SO tar orienteringa til vitande</p>	
<p>SO 2020/8 Utfordringar i høve Corona-viruset v. TH – Orientering/ diskusjon</p>	
<p>Korte innspel frå NTNU, HIMolde, HiVolda, Brukarutvalet, HMR, andre</p> <p>HMR: alt av utdanning - LIS-utdanning, medisinerutdanning, bachelor og master – alt blei stengt ned. HMR har brukt mykje tid på beredskapsplanlegging, med worst case scenario – lite sannsynleg scenario per no, men må likevel planlegge for det.</p>	

Referat

<p>Det planleggast no for at ein i ca eit år framover må anta at ein heile tida kan handtere ein viss straum av covid19-pasienter.</p> <p>Færre pasientar per eining, andre hygienetiltak etc, produktiviteteten i føretaket vil nok gå ned i ein periode.</p> <p>Vil no opne for ein viss reiseaktivitet mellom føretaka – og for at ein kan jobbe både i kommuna og i føretaket, dersom begge arbeidsplasser godtek det.</p> <p>Måten å drifte på vil bli ein anna i 2021 og sannsynlegvis i «all framtid».</p> <p>Det vil ha påverknad på UH-sektoren etterkvart, men korleis veit vi ikkje enda.</p> <p>HVO: Kan få situasjonar med utfordringar for praksis i kommuna, dei har lite direkte i sykehus og har vore lite påverka av det – planlegg praksis for hausten, og det ser ut til å gå bra foreløpig.</p> <p>NTNU: Ingen studentar har adgang til campus endå. Framover må ein anta at oppretthalde mykje digital undervisning. Største utfordringa er opp mot praksisstudiar i helsetenesten. Jobber mykje med psykososialt læringsmiljø for studentane, viktig særleg for dei som er i startfasen av studiane – ser tendensar til at ferske studentar mister motivasjonen i denne situasjonen. Bekymringa for hausten er det vi brukar mest tid på no.</p> <p>Helseplattformen (HP) – SUU har satt ned en arbeidsgruppe som skal sjå på HP som tverrgående funksjon. Toril Forbord vil følge opp dette og kan orientere om status på neste LSO-møte.</p> <p>HiM: Dei store helsefagkulla gjer at undervisning kanskje fortsatt må vere digital. Særleg sjukepleiarutdanninga er utsatt. Spør om HMR ser for seg å opne opp for studenter i praksis snarleg? Får til svar at det skal opnast opp for studentane så mykje som mogleg – med prioritet for bachelor i sjukepleie og AIO-studentane.</p> <p>HMR planlegg å kome opp på 80% av dagkirurgi og poliklinikk fram mot somaren (uten at det automatisk betyr at ein kan ta i mot 80 % av studentane).</p> <p>HiM ønskjer eit møte mellom HMR, HiM og NTNU Ålesund ang BA sykepleie – Marit Kjersem, HMR følgjer opp og vil kalle inn til møte.</p> <p>Vedtak: LSO tar orienteringa til vitande.</p>	
<p>SO 2020/9 Korleis dele informasjon/oppfølging av saker? - Diskusjon</p>	
<p>Mogleg å opprette nettside på HMR som er tilgjengeleg for alle, på same måte som det regionale samarbeidsorganet har gjort.</p> <p>Fleire ønskjer at LSO brukar Teams som plattform i staden for Skype for business. I Teams er det langt større moglegheiter for felles diskusjonfora, dokumentlagring og truleg meir brukervenleg pålogging. Per i dag er dette ikkje tilgjengeleg for føretakstilsette, men sekretariatet vil kontakte Hemit for å forhøre seg om moglegheita for å opne for Teams.</p> <p>Vedtak: LSO er samd om å opprette ei open nettside kor referat o.l. blir tilgjengeleg. Andre dokument må foreløpig delast på e-post. Sekretariatet kontaktar IT-avd i Helse-Midt for å undersøke om det er mogleg å bruke Teams.</p>	
<p>SO 2020/10 Faste tema på møtene? - Diskusjon</p>	
<p>Forslag på å dele møta opp i tre bolkar; forskning, innovasjon og utdanning. Fleire er samd i at det er viktig å balansere dei ulike fagområda. Vurderast korleis vi oppnår dette på best mogleg måte.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Konkret forskningssamarbeid må på agendaen også i dei vidare møta. 	

Referat

<ul style="list-style-type: none"> Tolking og implementering av viktige nasjonale dokument som Nasjonal helse- og sjukehusplan; Praksis i høgare utdanning; Helse-Omsorg21-strategien mm. Kva betyr strategiane for vårt samarbeid? Korleis skal vi rigge dette heilt konkret til møta i LSO? AU må sjå på kva for planar og strategiar som er mest aktuelle å ta opp i LSO. <p>Vedtak: AU tar med seg forslaga og arbeidar vidare med dei.</p>	
SO 2020/11 Forslag tema neste møte	
<ul style="list-style-type: none"> Kombinerte stillingar: bør inn som sak i løpet av 2020. Det er nyleg gjort ei omfattande utgreiing hos MH-fakultetet og St.Olavs. Vi bør sjå på denne og erfaringar som er gjort i Trondheim før saka vert tatt opp. Nasjonale helse- og sjukehusplan – tematisk innlegg i fht dei områda som berører både foretak og UH-sektor / tematiske satsingar Orientering frå regionale organ/utvalg - Fast innslag i møta (SO, SUFI, SUU, Infrastruktur-utvalget) (videreføres fast punkt) <p>Ønskjer tema til neste gong:</p> <ul style="list-style-type: none"> Fylkeskommunen vert bedt om å orientere om Fagskuleutdanningane i neste møte. Linn Helen viderefremidlar dette ønsket til Hatlestad som er fast observatør. Ønskjer orientering frå KS og Brukerutvalet: Korleis ser de for seg sin eigen rolle i LSO og kva ønskjer dei frå UH/HMR? Korleis ser dei for seg samarbeidet i dette organet? Livslang læring er også aktuelt – det er nyleg kome ei stortingsmelding på dette temaet. Berit kjenner vedkomande som leiar dette arbeidet, moglegheit for gjestelesar som kan ha ei nasjonal vinkling på dette. Må takast med i vidare arbeid. <p>Vedtak: AU tar med seg innspel til tema frå sak 6, sak 10 og sak 11. I tillegg skal AU diskutere korleis vi skal bruke eventuelle arbeidsgrupper og korleis vi kan få ut konkrete område og saker å arbeide vidare med ut frå overordna planverk.</p>	
Eventuelt	Ingen

Revidert 27.04.20: justering i SO 2020/6: pkt 6: Orientering fra HiM, etter innspill fra Haavardsen.
 Revidert 07.10.20: endring i SO 2020/11: etter innspill fra Næss Skår: kulepunkt to – slettet «observatørene» (Brukerutvalet er medlem og ikkje observatør). La til «Korleis ser de for seg sin eigen rolle i LSO».